

Kritiske spørsmål om TV-overføring

12.04.2011



Tove Lill Lakselv stillar kritiske spørsmål

Frp-politikar Tove Lill Lakselv er ugild i saka, men har stilt kritiske spørsmål om kostnadane ved at kommunen sist haust tildelte Itum å direkteoverføra kommunestyremøta via internett. Det lokale selskap TV Sydvest med base i Uskedalen tapte anbodsrunden om overføringane. Avtalen gjeld for ein treårsperiode.

Exess ESS var også med og kom med anbod og dei 3 skisserte like mange løysingar, som skilte seg frå kvarandre. Summane var 498.400 (TV Sydvest), 170.240 (Exess ESS) og 108.500 kroner (Itum). Samla utbetalingssum til Itum er no 202.000 som ligg 90.000 over anboden.

Lakselv etterlyser ein kostnadsoversikt som mellom anna viser kva billedmiks kostar. Det er ein lønskostnad som ikkje var med i anboden..

Rådmannen har opplyst at han enno ikkje har full oversikt over kostnadane, men likevel opererer han med ein samla utbetaling, påpeikar Lakselv.

Ho spør om det er kostnader utanom Itum, til dømes lønskostnadar ved montering av utstyr.

Lakselv vil ha eit spesifisert oversyn over alle utgifter som ikkje er med i anboden.

Av Ola Matti Mathisen